


Protokollar

1997

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK REPRESENTANTSKAPET

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 12/5-98 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ola Perry Saure
(Hilde Tømmerbakk meldte forfall)
Kai Raaberg
Petra Humberset
Eldar Høydalsvik
Einar Flø
Ingrunn Humberset
Ove Lid
Kjetil Årøen

Ingrid Opedal på vegne av (avfallsplangruppa)

Leiar ønskte velkomen, og det var ikkje merknader til innkalling, sakliste og møtebok frå siste møte.

R-sak nr: 05/98 Årsmelding og rekneskap 1997

Representantskapet gjekk igjennom årsmelding og rekneskap og samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i VØR godkjenner årsmelding og rekneskap for 1997 slik det ligg føre. Rekneskapet syner eit underskot på kr 87.125,- og dette skal dekkast frå disposisjonsfondet frå overskotet i 1996.

R-sak nr: 06/98 Status for sorteringsanlegget og uteområdet.

Samrøsytes vedtak lyder:

Representantskapet syner til utgreiinga om å lage til heile uteområdet ved Miljøstasjonen, og ber driftsleiar i samarbeid med styret lage ein nærare spesifikasjon av arbeidet.

R-sak nr: 07/98 Avfallsplanen

Ingrid Opedal orienterte om status og framdrift i arbeidet med ein ny avfallsplan for Volda og Ørsta.

Representantskapet tok orienteringa til vitande og drøfta ulike punkt ein bør sjå nærmare på i det vidare arbeidet.

R-sak nr: 08/98 Ymse

Styreleiar orienterte om endeleg utfall av personalsaka.
Representantskapet tok orienteringa til vitande.

Møtet heva kl. 20.30

Ref: Kjetil Årøen

Petra Finnbuset

E. Høydal

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 13/11-97 kl. 17.30.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Ola Perry Saure

Eldar Høydalsvik

Petra Humberset

Kai Raaberg

Hans Olav Myklebust (for Bente Vatne)

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R-sak nr 12/97: Budsjett og gebyr for 1998

Representantskapet gjekk igjennom framlegget til budsjett og gebyr og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner framlegget til budsjett for 1998 og vedtek, i tråd med framlegget frå styret, fylgjande gebyr for 1998:

Hushaldningsgebyr	1265,-	Årsgebyr for 660 liter dunk	9015,-
Skvett'n (spesialavfall)	41,-	Årsgebyr for 770 liter dunk	10818,-
Kjølemøblar (nytt gebyr)	40,-	Årsgebyr for 1000 liter dunk	14420,-
Grovavfall	154,-		
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1500,-		
Reduksjon for heimekomposteringsavtale	300,-	SLAM:	
Gebyr pr kolli /sekk , husstand	28,-	Gebyr for ein husstand (pr. tøming)	1200,-
Gebyr for næringar	1803,-	Gebyr for to husstandar (felles tank)	1538,-
Gebyr pr kolli	37,-	Gebyr for tre husstandar (f. tank)	1924,-
Gebyr pr tonn grovavfall, usortert	1480,-		
Gebyr pr tonn grovavfall, sortert	1380,-	Gebyr pr m3	200,-
Gebyr pr tonn avfall levert til brenning	1380,-		
Gebyr pr tonn isopor	3000,-	(Årsgebyra for slam vert summene	
Sorteringsgebyr pr tonn, (avfall til brenning)	515,-	i høgre kolonne delt på to)	
Årsgebyr for 120 liter dunk	1803,-		
Årsgebyr for 240 liter dunk	3606,-		
Årsgebyr for 360 liter dunk	5408,-		

Siste del av møtet vart sett av til diverse orienteringssaker om drifta av VØR. Representantskapet tok orienteringa til vitande.

Kjetil Årøen

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 3/6-97 kl. 17.30.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Ola Perry Saure

Petra Humberset

Nils Ola Skuset

Kai Raaberg

Hans Olav Myklebust (for Bente Vatne)

Eldor Høydelseth

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R-sak nr 12/97: Budsjett og gebyr for 1998

Representantskapet gjekk igjennom framlegget til budsjett og gebyr og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner framlegget til budsjett for 1998 og vedtek, i tråd med framlegget frå styret, fylgjande gebyr for 1998:

Hushaldningsgebyr	1265,-	Årsgebyr for 660 liter dunk	9015,-
Skvett'n (spesialavfall)	41,-	Årsgebyr for 770 liter dunk	10818,-
Kjølemøblar (nytt gebyr)	40,-	Årsgebyr for 1000 liter dunk	14420,-
Grovavfall	154,-		
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1500,-		
Reduksjon for heimekomposteringsavtale	300,-	SLAM:	
Gebyr pr kolli /sekk , husstand	28,-	Gebyr for ein husstand (pr. tøming)	1200,-
Gebyr for næringar	1803,-	Gebyr for to husstandar (felles tank)	1538,-
Gebyr pr kolli	37,-	Gebyr for tre husstandar (f. tank)	1924,-
Gebyr pr tonn grovavfall, usortert	1480,-		
Gebyr pr tonn grovavfall, sortert	1380,-	Gebyr pr m3	200,-
Gebyr pr tonn avfall levert til brenning	1380,-		
Gebyr pr tonn isopor	3000,-	(Årsgebyra for slam vert summene i høgre kolonne delt på to)	
Sorteringsgebyr pr tonn, (avfall til brenning)	515,-		
Årsgebyr for 120 liter dunk	1803,-		
Årsgebyr for 240 liter dunk	3606,-		
Årsgebyr for 360 liter dunk	5408,-		

Siste del av møtet vart sett av til diverse orienteringssaker om drifta av VØR. Representantskapet tok orienteringa til vitande.

Kjetil Årøen

Eldor Høydelseth

Hans Olav Myklebust

R- sak nr. 03/97: Refinasiering av VØR

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet overlet til styret og driftsleiar å forhandle fram vilkåra for eksisterande lån, og for låna som skal takast opp i 1997.

R- sak nr. 04/97: Endring av takstar for møtehonorar og nye retningslinjer for dekking av tapt arbeidsforteneste.

Samrøystes vedtak lyder:

- 1. Vedlagde framlegg til retningslinjer og satsar vert gjeldande frå 1.1.98.**
- 2. For 1997 gjeld punkt 2-5 i framlegget.**
- 3. For 1997 skal styreleiar ha 12 000 kr og representantskapsleiar ha 9 000 kr i møte- og leiargodtgjerdsle til saman.**

RETNINGSLINER OG SATSAR FOR GODTGJERDSLE TIL MEDLEMAR / VARAMEDLEMAR I STYRE OG REPRESENTANTSKAP.

1. Satsar for godtgjerdsle.

- a) Medlemar i styret skal ha ei møtegodtgjerdsle på 2 % av ordførar (Ørsta) si godtgjerdsle.
- b) Leiar av styret skal ha ei møte- og leiargodtgjerdsle på tilsaman 4% av ordførar si godtgjerdsle.
- c) Medlemar i representantskapet skal ha ei møtegodtgjerdsle på 1 % av ordførar si godtgjerdsle.
- d) Leiar av representantskapet skal ha ei møte- og leiargodtgjerdsle på tilsaman 3 % av ordførar si godtgjerdsle.
- e) Varamedlemar får ei møtegodtgjerdsle på 200,- kr. pr. møte.
- f) Ved fråver på 25 % eller meir vert godtgjerdsle for faste medlemar redusert tilsvarande.

*Delvis periode
30.11 - 30.11
år til år per
avgjval nov. kvar
4. år*

2. Retningslinjer ved tapt arbeidsforteneste.

Erstatning for tapt arbeidsforteneste og utgifter til vikar vert utbetalt med inntil kr. 700 pr. dag utan legitimering. Arbeidstid for godtgjerdsle vert rekna frå kl. 08 - 16. Erstatning for kortare møte vert utbetalt forholdsvis pr. time medgått tid.

Legimiterte utgifter kan verte erstatta med inntil kr. 1000,- pr. møte eller reisedag. Legimiterte tap må vere dokumentert av arbeidsgivar.

Sjølvtendig næringsdrivande må leggje fram likningsattest med brutto lønsinntekt for siste året. For tilfelle der næringsdrivande ikkje får dekning for utgifter og tapt lønsinntekt, kan det i staden verte gitt dekning med utgangspunkt i 3/4 av brutto næringsinntekt. Inntekta vert å dividere med 1950 timar, og

g Bj. MA

denne timesatsen skal ein nytte for å rekne ut tapet. Krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste må vere fremja skriftleg og innan 31.01. året etter kravet er oppstått, ellers fell retten til erstatning bort.

3. Køyregodtgjerdsle

- a) Køyregodtgjerdsle for medlemmane i styret/ representantskapet gjeld i samband med møte, synfaringar, reiser o.l. etter satsar som gjeld kommunalt tilsette.
- b) Bruk av offentlege kommunikasjonsmiddel vert dekte fullt ut mot bilag.

4. Forsikringsordning.

Kommunale ombod er omfatta av ulukkesforsikringa som kommunen har for sine arbeidstakarar, jfr. § 11 i Hovedtariffavtalen. Forsikringa gjeld for den tida omboda er i kommunen si teneste, møte o.l. samt reiser til og frå.

5. Utbetaling

Godtgjerdsle vert utbetalt i desember kvart år etter innsendte oppgåver frå medlemmane. Det vert ikkje betalt feriepengar av godtgjerdsle/ møtegodtgjerdsle.

R-sak nr. 05/97: Ymse

Det vart bedt om at det vert utarbeidd ein «teknisk» spesifikkasjon over løysing/ funksjon av sorteringsanlegget. Dette skal sendast til kommunane, representantskapet og styret.

Møtet heva 17.10

Johanna Bjørndal

Mansour Myklebust

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 23/4-97 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Turid Krumsvik

Ola Perry Saure

Bente Vatne

Hilde Tømmerbakk

Petra Humberset

Reidun Heimen Heltne

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 06/97: Bruk av overskot på drifta i 1996.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Reinhaldsverket vil ikkje ta stilling til bruken av eit eventuelt overskot på driftsrekneskapen for 1996, før styret har handsama rekneskapen og revisor sine merknader.

R-sak nr. 07/97: Bygging og finansiering av sorterings-/gjensbruksanlegg/garasje og søknad om garanti for lån.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet viser til utgreiinga om denne saka og styret sitt vedtak av 22.4.97, samt vedtak i R-sak nr. 06/97 og gjer slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner planar og kostnadsramme for bygging av anlegget slik styret gjer framlegg om.

Finansieringa av anlegget vert endra til:

1. Rest låneramme 1995	2.874.000 - kroner.
2. Eigenkapital, overskot 95	369.902 - kroner
3. Låneramme i budsjett 1997	2.000.000 - kroner. *
4. Ny lånekapital	<u>1.940.000 - kroner</u>
Sum	<u>7.180.000 - kroner</u>

* Ikkje tidlegare handsama i kommunane.

Representantskapet søkjer med dette Ørsta og Volda kommunar om å ta opp eit lån, stort kr. 3.940.000 til delvis finansiering av sorterings-/gjenbruksanlegg/garasje slik oppstillinga ovanfor syner.

Summen kr. 3.940.000 vert å dele på kommunane med 50% kvar.

R-sak nr. 08/97: Ymse.

Samrøystes vetak lyder:

Ein vedtek å endre representanten i arbeidet med avfallsplanen. Den nye representanten vert Hilde Tømmerbakk.

Etter framlegg frå Bente Vatne vil ein utarbeide ein presentasjon av satsinga til VØR med utbygginga av sorteringsanlegg og oppjustering av uteareala.

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR 1997

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 11/2-97 kl. 14.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Nils Ola Skuset (for Ingrun Humberset)

Einar Flø

Kai Raaberg

Ola Perry Saure

Hans Olav Myklebust (for Bente Vatne)

Johanna Bjørdal (for Hilde Tømmerbakk)

Petra Humberset

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Det var noko kort frist mellom saksutgreiinga og møtet.

Det vart også ein kort runde på dette med møtetidspunkt.

Styreleiar orienterte generelt om sorteringsstasjonen og vedtak som er gjort i styret om investeringar i utstyr.

R-sak nr. 01/97: Lånopptak

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet syner til styret si utgreiing i R- sak nr. 1-2-3- / 97 og søker med dette Volda og Ørsta kommunar om å ta opp eit lån stort kr. 1.800.000,- til finansiering av teknisk utstyr til sorteringsanlegg for grovavfall m.m. i samsvar med fylgjande postar

- sorteringsmaskin
- lastar / fliskuttar
- avfallskonteinrar
- div. teknisk utstyr

Summen på 1.800.000,- vert å dele på kommunane med 50 % kvar.

R-sak nr. 02/97: Bruk av fondsmidlar

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet vil ikkje ta standpunkt til bruk av slamfondet på dette tidspunktet. Ein vil sjå dette i samanheng med heile løysinga for handtering / bruk av slammet som ligg lagra, og frå nye innsamlingsrundar.

Representantskapet syner til vedtak i sak nr. 1/97 når det gjeld finansieringa av lastaren og fliskuttar.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 23/4-98 kl 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse var tilstades:

Ove Lid
Magnar Lid
Ingrid Opedal
Geir Hole
(Jorunn Austrheim møtte ikkje)

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling.

Sak nr 08/98: Årsmelding og rekneskap for 1997

Styreleiar synte til tidlegare gjennomgang av tala i rekneskapen, og gjekk så igjennom framlegget til årsmelding for 1997. Det vart gjort mindre korrigeringar, og eit samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner årsmelding og rekneskapen for 1997. Rekneskapen syner eit underskot på kr. 87.125, og styret rår representantskapet til å dekke dette inn over neste års budsjett.

Sak nr. 09/98: Uttale til kommunane om overskridingar på sorteringshallen

Samrøystes vedak lyder:

Styret i VØR vedtek å sende over ein uttale som orientering til kommunane om trongen for auka låneopptak etter bygginga av sorteringshallen. Uttalen skal innehalde oversikt over førebelse summar, og at ein ynskjer å kome attende med formell lånesøknad i samband med revidert budsjett for 1998.

Sak nr. 10/98: Tolking av forskrifter opp mot næringar

Det vart presentert ein del ulike situasjonar, men styret ynskte informasjon om praksisen i andre kommunar før ein endeleg tok stilling i tolkinga av forskriftene.

(Ein samlar alt i eitt vedtak i eit seinare møte).

Sak nr. 11/98: Ymse

Styret drøfta ein del generelle ting og m.a. dei grøne skattane som vert lagt til all avfallshandtering. Styret ber avfallsplangruppa om å vurdere om dei nye føresetnadane gjev grunnlag for å ta opp att drøftinga om det anaerobe anlegget.

Ref.

Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 25/11-97 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Magnar Lid
Jorunn Austrheim
Geir Hole

Kjetil Årøen.

UTTALE FRÅ STYRET I VØR VEDR. UTGREIING OM FRAMTIDIG BEHANDLING AV ORGANISK AVFALL I MØRE OG ROMSDAL

Styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk ser i utgangspunktet positivt på statlege initiativ til å vurdere større regionale løysingar på ulike område innanfor avfallshandteringa.

Styret har gått gjennom og vurdert den aktuelle utgreiinga om framtidig behandling av organisk avfall i Møre og Romsdal, både i høve til heile fylket og for VØR-området.

Styret sin konklusjon når det gjeld val av hovedløysingar er i samsvar med vårt medlem i styringsgruppa, Kjetil Årøen: **Vi kan ikkje sjå at den skisserte løysinga med å levere alt restavfall frå hushald til eit utvida forbrenningsanlegg i Ålesund utan kjeldesortering av våtorganisk avfall er noka framtidretta løysing. Vi er samde i at brenning av restavfall, også av ein større del av det tørrorganiske avfallet, kan vere ei god løysing. Vi meiner likevel at transport av matavfall over så lange avstandar som det her er lagt opp til, kombinert med den låge energiutnyttinga anlegget på Grautneset kan tilby, er lite i samsvar med nasjonale mål for ein bærekraftig avfallspolitikk. Styret meiner styringsgruppa bør halde fram arbeidet med å utgreie større regionale løysingar, men ynskjer at ein går nærare inn på alternative metodar for behandling av det våtorganiske matavfallet enn det som er gjort i denne rapporten.(t.d. biogassanlegg, reaktorkompostering o.s.v.)** Vi vil i stikkordsform prøve å grunngje kvifor styret har landa på dette synet, og også korleis fylkesmannen etter vårt syn kan arbeide vidare med andre alternativ.

* Vi trur at investering i eit gigantanlegg, der økonomien er avhengig av ei viss avfallsmengde, vanskeleg kan sameinast med målet om avfallminimering (jmf. det som er sagt om langsiktige avtaler). Vi trur dette vil verke hemmande på arbeidet rundt i kommunane/avfallsselskapa med auka kjeldesortering og gjenbruk/materialgjenvinning.

* Vi trur nedbygging av målet om kjeldesortering (her av matavfall) vil verke demoraliserande på dei positive haldningane/forventningane som over tid er bygd opp blant

folk flest, m.a. gjennom undervisningsopplegg frå barnehage, skule og oppover. Dette vil kunne få negative ringverknader på fleire område, og ta frå folk trua på at kvar einskild kan gjere noko.

* Vi trur også dette vil verke negativt inn på målet om å fjerne skadelege stoff frå avfallet; vi hiv alt i same sekken likevel....

* Styret er innforstått med at energiutnytting i visse høve kan forsvarast samfunnsøkonomisk i høve til ombruk/materialgjennvinning. Vi har likevel problem med å godta at ei E-utnytting på 30 - 35%, kombinert med miljøkostnaden ved å transportere alt matavfall frå NIR og RIR til Grautneset er eit betre alternativ enn andre meir lokale løysingar.

* Ei økonomisk/politisk side som vi også trur det ville vere vanskeleg å få aksept for er at kommunane på Nordmøre/i Romsdal skal delta i nedbetaling av gamal gjeld på forbrenningsanlegget; likeeins at abonnentar på Sunnmøre skal subsidiere transport frå Nordmøre/Romsdal.

* For VØR sin del brenn vi i dag restavfall, inkludert våtorganisk avfall, på Grautneset. Dette vil vi gjerne halde fram med, inntil vi har gode nok alternativ på bordet. Som fylkesmannen kjenner til har VØR utarbeidd planar for eit biogassanlegg, som på grunn av manglande regionalt samarbeid førebels er lagt på is. Avhengig av kva innspel som kjem på dette området, vil VØR i det pågåande avfallsplanarbeidet vurdere ulike alternativ for behandling av matavfallet. Som det går fram av konklusjonen vår meiner vi slike løysingar bør utgreiast nærare også for fylket som heilskap (t.d. 2 biogassanlegg i fylket som skissert av konsulent Fugledal m.fl., eller samarbeid om reaktorkompostering som i Indre Hardanger).

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 4/11-97 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Bjørn Øren (for Magnar Lid)
Geir Hole
Jorun Austrheim

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling.

Sak nr .26/97: Budsjett og gebyr 1998

Styret gjekk gjennom framlegget og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR godkjenner framlegget til budsjett og gebyr for 1998, og rår representantskapet om å gjere tilsvarande vedtak.

Gebyra for 1998 vert som fylgjer:

Hushaldningsgebyr	1265,-	Årsgebyr for 660 liter dunk	9015,-
Skvett'n (spesialavfall)	41,-	Årsgebyr for 770 liter dunk	10818,-
Kjølemøblar (nytt gebyr)	40,-	Årsgebyr for 1000 liter dunk	14420,-
Grovavfall	154,-		
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1500,-		
Reduksjon for heimekomposteringsavtale	300,-	SLAM:	
Gebyr pr kolli /sekk , husstand	28,-	Gebyr for ein husstand (pr. tøming)	1200,-
Gebyr for næringar	1803,-	Gebyr for to husstandar (felles tank)	1538,-
Gebyr pr kolli	37,-	Gebyr for tre husstandar (f. tank)	1924,-
Gebyr pr tonn grovavfall, usortert	1480,-		
Gebyr pr tonn grovavfall, sortert	1380,-	Gebyr pr m3	200,-
Gebyr pr tonn avfall levert til brenning	1380,-		
Gebyr pr tonn isopor	3000,-	(Årsgebyra for slam vert summane	
Sorteringsgebyr pr tonn, (avfall til brenning)	515,-	i høgre kolonne delt på to)	
Årsgebyr for 120 liter dunk	1803,-		
Årsgebyr for 240 liter dunk	3606,-		
Årsgebyr for 360 liter dunk	5408,-		

Det kjem mva i tillegg til desse summane.

Sak nr 27/97: Etterbetaling av maskintillegg, og tap av briller.

Styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR godkjenner at Birger Breivik får etterbetalt maskintillegg (kr. 4,- pr time) for 300 timar i 1. halvår 1997.

Styret i VØR godkjenner, i tråd med kommunal praksis, at Per Mork får dekt reparasjon av briller med kr. 710,-.

Sak nr. 28/97: Vidareutdanning, driftsleiar

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR ynskjer at driftsleiar tek vidareutdanning i økonomi (bedriftsøkonomi BI), og dekker utgifter til studiet med inn til 50.000,- kroner (over to år). Det vert ikkje kravd bindingstid.

Sak nr 29/97: Diverse søknader.

Ingrid Ørstavik – har søkt om refusjon for utgifter for hus på ”Simahaugen”. Styret innvilgar at huset får status som fritidseigedom, og tilbakefører 50 % av avgifta som er betalt dei siste 4 åra (1993-97).

Ivar Skare, Austefjorden - har to bueiningar og søkjer om fritak frå eine. Styret i VØR ynskjer at ein sjekkar statusen på dei andre kommunale gebyra og at VØR rettar seg etter desse.

Arnold Graskopf- har søkt om fritak på grunnlag av at huset står tomt 5 mnd i året. Styret i VØR kan ikkje gi fritak pga av at perioden er mindre enn 6 mnd.

Per Arne Åkenes- har søkt fritak for eigedomen på Folkestad pga skulegang. Styret finn å ikkje kunne imøtekomme søknaden pga av at ein må vere vekke 6 mnd. innanfor kalenderåret for å få fritak.

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR onsdag 8/10-97 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Geir Hole
Jorun Austrheim

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling.

Sak nr. 19/97: Framlegg til budsjett og gebyr for 1998

Det vart gjennomgått eit framlegg til budsjett og gebyr for neste år. Etter grundig drøfting kom styret til at ein ynskte innarbeidd ein del endringar.

Saka vart dermed utsett til neste møte.

Sak nr. 20/97: Diverse søknader om fritak

Saka vart utsett til neste møte.

Sak nr. 21/97: Endringar i betalingsrutiner, K-link

Styret fekk ein kort presentasjon av dei rutinene på betalinga av giroar ein har i dag, og korleis administrasjonen ynskjer det i framtida.

Styret sa seg samd i vurderinga frå administrasjonen og eit samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek at ein gjer endringar i betalingsrutinene, og at Gunn Velle og / eller Kjetil Årøen får fullmakt til å betale ut inngåande rekningar over K-link. Styret føreset at ein framleis har praksisen om at to personar tilviser og attesterer rekningane.

Sak nr. 22/97: Midlar til vidareutdanning

Saka vart utsett

Sak nr. 23/97:

Forhandlingsutval, lønsforhandlingar

Styret vedtok følgjande:

Styret i VØR vedtek at Geir Hole og Ove Lid skal representere styret i dei komande lønsforhandlingane i VØR.

Sak nr. 24/97:

Vurdering av bruk av ekstern kompetanse i samband med omorganisering av VØR

Styret sa seg samd i at ein arbeider vidare med å engasjerer ein ekstern konsulent til å sjå på organiseringa av VØR. Styret ynskte ei grundigare utgreiing m.a. på omfang og kostnader ved ei eventuell utgreiing.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Sak nr. 25/97:

Ymse

Styret hadde ei kort synfaring på nyeanlegget, og driftsleiar orienterte om forhandlingane vi har vore igjennom med Norsk Gjenvinning. I samband med siste sak uttalte styret at ein ynskjer å halde fram med innsamlinga på leigebasis for at ein på den måten har eit "fot" innanfor det som på sikt kan bli ein god butikk (innsamling av papp frå næringane).

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 26/8-97 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Geir Hole
Jorun Austrheim

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling.

Sak nr. 16/97: Status byggeprosjekt

(Synfaring og orientering)

Sak nr. 17/97: Tilbodspapir transport (ref sak nr.13/97)

(Saka går ut)

Sak nr. 18/97: Ymse

Div. orientering, personalsak, status «ASVO»

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 13/5-97 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Geir Hole

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling.

Sak nr. 11/97: Årsmelding, rekneskap 1996

Styret gjekk igjennom framlegget til årsmelding og rekneskap og med mindre endringar i årsmeldinga vart eit samrøystes vedtak som fylgjer:

Styret i VØR godkjenner årsmeldinga for 1996 med mindre endringar. Styret godkjenner vidare rekneskapen for 1996, med eit overskot på 400.247,- kroner. Styret rår representantskapet om å gjere tilsvarende vedtak.

Sak nr. 12/97: Orientering om byggevedtak / førespurnad

Det vart orientert om at VØR er kontakta av kommunen og representantar for Ørstaterterminalen om overtaking av Waagan-bygget. Styret hadde ei synfaring til bygget, og ein ynskjer å arbeide vidare med planen der eit eventuelt samarbeid med kommunane om ei mogleg «ASVO- bedrift» for gjenbruksverkstad / utsalg kan vere aktuelt.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Sak nr. 13/97: Framtidig transportløysing

Styret drøfta moglege løysingar for transporttenestene VØR leiger inn. Styret slutta seg til framlegg frå diftsleiar om å utarbeide eit tilbodsgrunnlag der alle tenester er med, og at dette vart prisa både av Vartdal Transport og VØR. På den måten ynskjer styret å få: a) justere prisar etter gjeldande avtale og b) få ein kontroll på kva resultatet vert om ein tek over transporten sjølv.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Sak nr. 14/97: Uttale om søknad frå Bøstrand, sorteringsanlegg

Styret i VØR vart beden om å utale seg i saka om søknad frå Bøstrand Transport om etablering av sorteringsanlegg.

Styret kom med fylgjande uttale:

VEDK. UTTALE OM ETABLERING AV SORTERINGSANLEGG

Ørsta kommune har bede VØR om ein uttale i høve søknaden frå Bøstrand Transport om å etablere eit sorteringsanlegg for produksjonsavfall.

Saka vart lagt fram for styret i VØR på møte tysdag 13/5, og styret har fylgjande kommentarar / merknader til etableringa:

VØR tek i dag hand om det aller meste innan forbruks- og produksjonsavfall i Volda og Ørsta. Vi har som kommunen kjenner til konkrete planar om å bygge opp eit sorteringsanlegg som har kapasitet til å ta alt produksjonsavfall som vert produsert i regionen. VØR vonar at eit slikt anlegg vil stå ferdig hausten 1997.

I utgreinga av anlegget til VØR vert det lagt til grunn at vi framleis skal ta hand om alt produksjonsavfall, og at det er ein viktig føresetnad for finansieringa av prosjektet. Dersom delar av dette fell frå, vil det kunne føre til at ein større del av investeringa må dekkjast over resterande produksjonsavfall og hushaldningsgebyret.

På generell basis så er erfaringane frå private etableringar at ein satsar på dei fraksjonane som gir best inntening. Vi ser at Norsk Gjenvinning, som samlar inn papp og papir frå næringane i Volda og Ørsta, konsentrerer seg om dei store i sentrum medan kommunane får ordne innsamlinga i distrikta. Ein annan fraksjon som kan bli «verdifull» er trevirke. Flis eller brenselsbrikketar kan oppnå gode prisar, og vil bli noko som private aktørar vil prioritere. Dersom ein får den situasjonen at private firma silar ut omsettbare fraksjonar, så vil det slå negativt ut på økonomien i dei kommunale ordningane.

Forureiningslova § 33 «Gjenvinning og annen behandling av avfall» seier fylgjande:

For å løse eller forebygge avfalls- eller forurensingsproblemer kan forurensingsmyndigheten, ved forskrift eller enkeltvedtak, fastsette at avfall skal gjenvinnes eller behandles på annan måte. Forurensingsmyndigheten kan herunder bl.a. treffe vedtak om:

- a) ombruk,
- b) materialgjenvinning,
- c) utnyttelse av energi,
- d) destruksjon
- e) innsamling, oppbevaring, sortering
- f) bindende mål for ombruk, gjenvinning m.v

Ved avgjørelsen skal det legges vekt på om de samlede miljøfordeler står i rimelig forhold til kostnadene ved andre måter å håndtere avfallet på.

Vedtak som nevnt i første ledd kan treffes overfor den som produserer, importerer, omsetter eller bruker avfallsskapende produkt og den som samler inn eller besitter avfall.

Oppnås ikke frivillig ordning mellom partene, kan vedtak som nemnt i første ledd også treffes overfor den som kan bruke eller behandle avfall fra andre dersom

- 1) dette er nødvendig for å sikre en tilfredstillende behandling av avfall som kan medføre alvorlig forurensing eller helseskade eller
- 2) slikt vedtak er nødvendig for å få til en tilfredstillende gjennomføring av et organisert system for

innsamling og behandling av avfall.

Den som leverer avfall til noen som etter fjerde ledd har plikt til å ta imot dette, skal holde mottaker skadesløs og levere avfallet på vilkår som sikrer mottaker rimelig godtgjøring for hans arbeid. Har avfallet en verdi utover dette, skal mottageren betale et rimelig vedrelag for avfallet.

Styret tolkar dette slik at det lokale forureiningsmynde, som er kommunen, kan «styre» avfallstraumane for å sikre naudsynt mengde til «gjennomføring av et organisert system for innsamling og behandling av avfall». Dersom det vert etablert fleire anlegg i regionen vil det altså svekke noko av grunnlaget vi har basert vår satsing på.

Sentrale styresmakter har oppmode kommunane om å nytte prispolitikken bevisst for å få fart i avfallssortering ute hjå kjelda. VØR har fylgt opp denne oppmodinga, og i dag betalar ein kunde dobbel pris for usortert avfall samanlikna med sortert. Med fleire aktørar i markedet vil ein vanskeleg kunne gjennomføre ein slik politikk, då ein eventuell konkurrent vil legge prisnivået for usortert avfall ein plass i mellom dei prisane som VØR opererer med i dag.

Løysingane vi nyttar i dag er svært provisoriske. Men når sorteringsanlegget vonleg står ferdig hausten 97, har VØR som mål at området vi disponerer til ei kvar tid skal vere rydda og presentabelt. VØR har med dei planane som er presenterte «lagt lista høgt» for å verte den «miljøperla» som enkelte politikarar har bede om. Og i motsetning til eit privat firma som ynskjer å ta ut eit overskot, kan VØR nytte slike midlar til å halde ynska standard på gjenvinningsanlegget. «Provisoriske løysingar» har vore svært framtreddande på dei private anlegga representantar for VØR har vitja i samband med sorteringsprosjektet.

Den etableringa det her er søkt om vil ha same problem som VØR med innsyn frå riksveg og framtidig satsing på «Aasensenteret». I fylgje punkt 5 i brev frå BT (21/3-97), så skal sortering av skrapjern og metall skje utandørs. Ein kan då stille spørsmål om ein vil nå målet med å heve standarden på industriområdet?

Kommentar til punkt 8 i samme brev:

Vår erfaring så langt med sortering er at det er ein vesentleg del av produksjonsavfallet som ikkje let seg gjenvinne eller kan gå til ombruk direkte. Derfor må ein ha ei løysing for restavfallet som kjem inn.

I fylgje signal vi har fått frå styresmaktene skal alt avfall registrerast på vekt. Alle deponi og gjenvinningsanlegg har etterkvart montert vegeutstyr, og VØR ser det vanskeleg at ein kan ta imot avfall utan å disponere vekt som er godkjend for kjøp / salg.

Vi har lagt ved to skriv av nyare dato, som gjengir noko av erfaringane VØR har med det firmaet som søker konsesjon.

Dette som orientering.

Vedlegg: brev datert 5/3-97, 14/5-97

Sak nr. 15/97: Ymse

Under denne saka vart tok Magnar Lid opp ein del generelle spørsmål om styret si rolle i styringa av VØR. Bakgrunnen for desse spørsmåla var at Lid reagerer på enkelte uttalar frå styremedlemmer som han tolkar som eit ledd i å redusere aktiviteten til VØR. Dette går først

og fremst på privatisering av enkelttenester.

Styret konkluderte med at ein ville ta dette opp i eit større omfang, der ein ser både på arbeidsform, oppgåver og ansvarsfordelinga mellom styre og representantskapet i VØR.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Styret ynskta at det vart skriva eit svar til Hovdebyda søge og velferdslag, som eit svar på den kritikken som er reist om dårleg orden på anlegget til VØR.

Møtet heva 16.30

ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 22/4-97 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Kjetil Standal (for Jorunn Austrheim)
Geir Hole

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling.

Sak nr. 09/97: Anbud, sorteringsstasjon.

Styret fekk presentert summene etter anbudsopninga, skisse over mogleg finansiering og konsekvensar av dette.

Styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Med atterhald om godkjenning av finansieringsplanen vedtek styret i VØR utbygginga av sorteringsanlegget med dei planar som har vore ute på anbud og etter det byggebudsjettet som ligg føre.

Total kostnad for bygg og uteanlegg vert kr. 7.165.000,- inkl. investeringsavgift..

Utfrå lavaste tilbod gir styret oppdraget til firma Ivar Aambakk AS som generalentreprise.

Styret vel utfrå lavaste tilbod firma Anders Digernes AS til å stå føre byggeleing av prosjektet.

Styret ber representantskapet gjere likelydande vedtak.

(Kjetil Standal var ugild i punktet som gjaldt val av byggeleiar)

UTDRAG AV BYGGEBUDSJETT FRÅ SAKSHANDSAMINGA

BYGGEBUDSJETT SORTERINGSANLEGG:	
--	--

Anbud 21/4:	5.656.000
Portar:	428.830
Bommar:	288.690
Ventilasjon	40.325
Trapper:	17.870
Sak nr. 09/97 forts.:	

Konsulentonorar:	192.000
Byggeleing	72.000
SUM	6.695.715
Investeringsavgift:	468.700
TOTAL FINANSIERING:	7.164.415

Sak nr. 10/97: Ymse

Styret drøfta samansetninga av arbeidsgruppa i avfallsplanarbeidet og gjorde fylgjande vedtak:

Styret vel Ingrid Opedal som ny medlem med Ove Lid som vara.

På spørsmål frå driftsleiar gjorde styret fylgjande presisering av tidlegare vedtak:

Maks mengde grovavfall pr. gebyr er 10 m3.

Møtet heva 16.00.

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 8/4-97 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Kjetil Standal (for Jorunn Austrheim)
Geir Hole

Einar Flø
Gunn Velle
Kjetil Årøen.

Sak nr 07/97: Vedk. grovavfallsdeponiet i Alida.

Styret drøfta avtalene som gjeld, og meiner at oppfylling av volum utover utsprengt volum i utgangspunktet vert ei sak mellom grunneigar og VØR.

Styret ynskte ei synfaring til anlegget, og ein vil ta opp igjen denne og løysing på drenering når det ligg føre tilbod på boring gjennom vegen.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Sak nr 08/97: Diverse søknader

Ola Bratteberg:

Med grunnlag i situasjonen som gjaldt då søknaden låg føre, ser styret ikkje å kunne frita eigedomen for gebyr nr. 2.

Søknaden vert sendt over til kommunen for handsaming der.

Leif Opsahl:

Styret står fast på vedtaket frå sak nr. 2/97.

Bygget er eit industribygg

Ullaland, ikkje fritak

Vaskemaskin, Hovdebygda. Prinsipp har ikkje VØR tilskotsmidlar

Ymse:

Søknad Alex Heltne, to mot
inntil 2000,- kroner, med dobbeltstemmer vedteke.

Knut B Aarseth:

Innvilgar ulønna permisjon ein dag i veka frå og med 1. aug. t.o.m. 1. mai. Utfrå
søknad gjeld dette fredagar.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 14/1-97 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Grete Born (for Ingrid Opedal)
Bjørn Øren (for Magnar Lid)
Jorunn Austrheim
Geir Hole

Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste. Det mangla eitt namn på «deltakarlista» i møteboka frå forrige møte, og dette vart korrigert.

Styreleiar bad om å få handsame to ekstra sakar som får egne saksnummer.

Sak nr 01/97: Sorteringshall og lånopptak.

Ein gjekk igjennom utkasta til løysing, og styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR vel utkastet frå arkitekt Lefdal når det gjeld utforminga av sorteringsstasjonen. Ein forutset for gjennomføring av prosjektet at finansieringa vert godkjent hjå representantskapet og kommunane. Søknad om lånopptak vert sendt representantskapet så snart endeleg byggekostnad ligg føre.

Styret bed driftsleiar koordinere arbeidet vidare mellom konsulent og arkitekt fram til anbod. Styret ynskjer også at det vert utarbeidd ein totalplan for området paralelt med dette prosjektet.

Sak nr. 02/97: Krav om erstatning for tap av bænot og fiskegarn.

Styret drøfta på nytt denne saka, og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR meiner at når ein plasserer ting som ikkje skal kasserast i merka avfallsekkar må ein ta noko av risikoen sjølv ved eventuelt tap. Styret finn likevel å kunne gå inn på ei midlare ordning, og vil dekke halve tapet Leif Opsal har hatt.

Sak nr 03/97: Auke i «tilskot» ved kjøp av arbeidssko.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner søknaden frå dei tilsette om å auke årleg sum på kjøp av arbeidssko til 800,- kroner pr. år.

Styret bed driftsleiar undersøkje om det er plikt for tilsette i VØR å nytte værnesko, og dersom dette er tilfelle innarbeide dette i interkontrollsystemet.

Sak nr. 04/97: Endring av låneformål

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å endre låneformålet i den nye låneramma frå «kvern» til «beltmaskin / lastar/ fliskuttar». Ein vedtek og at avsette midlar (slamfond frå 1994 pålydande 481.355,- kroner) for handsaming av slam vert nytta til lastar med blandeskuffe.

Sak nr. 05/97: Vedtak om lån.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR syner til låneramme i 1997 budsjettet og søker med dette representantskapet om å ta opp lån etter fylgjande postar:

-konteinarar:	240.000,-
-beltmaskin / lastar / fliskuttar :	1000.000,-
-Div. teknisk utstyr:	100.000,-

Styret syner til utgreiing i budsjettpapira for 1997 og sakspapira ellers om formåla med lånopptaket.

Møtet heva 16.00

Odd Ivar Øvregård og Gudny Fagerhol orienterte styret om tankar rundt eit samarbeid mellom ei eventuell ASVO bedrift og VØR. Stikkord her er bruktbutikk, gjenbruksverkstad osv. Styret tok orienteringa til vitande.

Øvregaard og Fagerhol forlet møtet og ein heldt fram med dei oppsette møtesakene. Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste.

Sak nr. 06/97: Refinansiering av VØR

Styret drøfta ulike løysingar for refinansiering av VØR. Ein var samd i at for å få reelle forhandlingar bør ein delegere mynde til to - tre personar til å gå i samtalar med banken. Dette på grunn av at t.d. fastrentetilbod er timestilbod og må låsast der og då. Det vart noko usikkert om styret har mynde til å gjere slike vedtak (refinansiering) åleine, og i og med at det er første gong ein tek opp ei slik sak, så ynskjer ein uttale frå representantskapet.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Sak nr. 07/97: Arbeidsavtale

Før denne saka vart handsama forlet Jorunn Austrheim, Magnar Lid og Kjetil Årøen møtet. Dei to siste p.g.a. ugildskap.

Vedtak:

Ut frå leiarstillinga sitt totale innhald, oppgåver og tilsettingsforhold vert driftsleiar i VØR plassert i l.tr. 49.

I ht. Hovedtariffavtalen kap. 1 §6.8. vert det gitt 8 fridagar i året.

Avtalen skal gjelde frå 01.02.97.

Avtalen skal ellers vere i samsvar med SGS nr. 1004.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

Sak nr. 08/97: Ymse

Seminar:

Styret i VØR vedtek å sende dei av styret som har høve til det på seminar i regi av NORSAS med tema «Valg av behandlingsløsninger for våtorganisk avfall». Seminaret skal vere 17. og 18. februar.

Møtet heva 16.30.